

Renee Kårtveit  
Per Einar Langhelle  
Elise Kvamme Andersen  
Arild Haugsvær  
Åshild Skuggedal  
Åsmund Kvinge  
Austfjordvegen 2658, 2652 og 2656  
5981 Masfjordnes

Sandnes 01.08.2022

Masfjorden kommune  
v/ Sveinung Toft  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

**Gjeld høyringssvar 22/5141 vedkomande uteområdet ved Sandnes skule – framlegg til endringar i bruken av området**

Først, me reagerer på den uheldige tidsfristen som er sett til 01.08.22. Me meiner at hovudgruppa er ungar, altså brukarane, og dei må få uttala seg, og *Elevrådet* er sært viktig i så måte.  
Me les at kommunen tilrår tidsavgrensa bruk av deler av skuleområdet, og reagerer på ei slik tidsavgrensing. Her avgrensar ein bruken før skuletid og i det fyrste friminuttet. Vidare er det tilrådd at bana er tilgjengeleg fram til klokka 16.30 i skuletida. Kva med tida etter? Skuleområdet er ein viktig møteplass for barn og unge, både sosialt, fysisk og psykisk, jf kommunen sine planar. Det som i saka vert omtala som ei basketballbane, har for våre barn også vore nytta til vinterleikar, skeiser når ver og føre tillet det, fotballbane, stikkbane, tikkenleikar, badminton, volleyball osb. i lag med leikekameratar langs stranda og besøkande på fritida. Skuleområdet er og skal vera ein viktig møteplass for barn og unge, både sosialt, fysisk og psykisk. Her skal ein kjenna på meistring og ein tilhaldsstad som fremjar nettopp det sosiale, det fysiske og psykiske, og stimulere til ulike aktivitetar for alle i nærmiljøet og besøkande. Det er også viktig å få fram at det er våre sårbarer barn og unge dette går utover, dei får ikkje høve til å uttala seg.

Uteområdet har vore i bruk i årevis, men har sjølv sagt blitt ramma av covid-restriksjonar som resten av samfunnet. Det kan ikkje understrekast nok kor viktig det er at ungane har ein samlingsplass både for det fysiske og psykiske.

Viser elles til kommunen sine eigne plandokument der ei slik tidsavgrensing vil gå imot kommunen sine eigne målsetnadnar:

- Kommunedelplan for oppvekst*
- Kommunedelplan for idrett og fysisk helse*
- Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial*

Sandnes skule er meir enn ein skule for nærmiljøet vårt. Lag og organisasjonar arrangerer verdfulle opplevelingar og møtestader for både små og store, sjølv sagt må skuleområdet kunne nyttast også til slike føremål (helg og kvar dag) innanfor dei allmenne reglane for tidsavgrensing av støy som gjeld i Noreg. Det må vera trygt for oss føresette å senda ungane våre bort på skuleområdet utan å risikera at dei får tilsnakk og/eller refs.

Me meiner ei tidsavgrensing berre kan innførast dersom tilbodet fullverdig vert erstatta ein annan stad i tilknytning skuleområdet.

Dette er henta i frå Masfjorden kommune sin *Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet*: «Fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, overskot og meistring. Det kjennest godt å bruka kroppen. Fysisk aktivitet kan vera leik, naturopplevingar, konkurranse og spenning. Aktivitet fremjar fysisk og psykisk velvere. Fysisk aktivitet førebyggjer sjukdom og gjev betre helse gjennom heile livet. Eit samfunn som legg til rette for fysisk aktivitet, gjev gode levekår. Menneskekroppen er skapt for rørsle. Likevel er mange for lite fysisk aktive. Mangel på fysisk aktivitet er så omfattande at det medfører ein helserisiko. Langvarig fråver av fysisk aktivitet skaper auka trøng for tilrettelegging, og det aukar fråveret frå arbeidslivet, samstundes som det fører til auka bruk av helsetenester. Dette gjev store samfunnsøkonomiske kostnader.»

«Eit anna viktig moment som påverkar aktivitetsnivået til alle, er nærleik til tilbod. Til lenger ein bur frå friområde, idrettsanlegg og treningscenter, til lågare er aktivitetsnivået. Det å etablere nye nærmiljøanlegg, turstiar m.m. vil bidra til å auke aktivitet i nærmiljøa.»

«Idrettsanlegg må vere tilgjengelege og i klare til bruk. Laga som eig eller har driftsavtalar må syte for at det vert tildelt tid for både organisert og uorganisert aktivitet. Masfjorden kommune ved skulane må syte for at fysisk aktivitet får prioritet ved tildeling av tid til bruk av gymnastikksalar.»

Vonar at heile skuleområdet kan nyttast, og at det ikkje vert barn og unge som vert «skadelidande» i denne saka. Brukarane har vel også ferie i skrivande stund, og det grensar til både useriøst og mangel på respekt at dei skal ikkje få uttala seg.

Med helsing

*Renee Kårtveit*

*Per Einar Langhelle*

*Elise Kvamme Andersen*

*Arild Haugsvær*

*Åshild Skuggedal*

*Åsmund Kvinge*

-Innbyggjarar og foreldre på Sandnes-